

# KYRKJEKONTAKTEN

NR.4 — 2024 · 50. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



God adventstid og  
velsigna julefeiring!

# Ei gudsteneste litt utanom det vanlege

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

Bodskapen er den same, innpakkinga litt annleis. Kveldsgudstenestene i Knarvik kyrkje siste søndag i månaden er eit fint supplement til dei andre gudstenestene.

Eige band med forsongarar. Lovsong og bønnevandring. Og skillingsbollar på kyrkjetorget som avslutning.

Denne hausten og komande vår er det perlene i Kristuskransen som står sentralt i preika og temaet på kveldsgudstenestene. Denne søndagen snakkar prest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn om nattperla. Om dei tøffe stormane me menneske blir stilt overfor.

– Mi tru og mitt håp er at Gud er med oss også når me har det tøft og vanskeleg, sa ho.

## Meir lovsong

Lovsongen slepp meir til på kveldsgudstenesta enn på andre gudstenester. Kyrkjelyden er så heldige å ha eit band som stiller opp saman med ei trufast forsongargruppe.

– Eg synest det er veldig gjevande og flott at vi har slike gudstenester, og vi kunne gjerne hatt fleire samlingar som er litt lausare i stilen og med litt meir rom for song og musikk enn i ei vanleg gudsteneste. Kanskje det gir rom for å sjå kvarandre på ein ny måte og oppleve Gud på andre måtar, seier Karin Tørnquist Wallace. Denne kvelden er ho og Stine Karin Sæle forsongarar i eit band med Andreas Westermoen på flygel og Ingeborg Kartveit på bass.

Det er lagt opp til fire kveldsgudstenester i semesteret.

## – Litt annan puls

– Kveldsgudstenestene har ein annan profil og ein annan puls enn samlingane kl. 11.00 på søndag formiddag. Eit fint supplement til dei andre gudstenestene i soknet, seier sokneprest Cathrine Grutle.

Då opplegget med kveldsgudstenester vart etablert var nok tanken at dette kunne vera noko for dei unge vaksne i kyrkjelyden. Men Grutle ser at desse samlingane appellerer til heile kyrkjelyds-felleskapet.

“Kveldens salme” er eitt av innslaga i desse gudstenestene. Nokon i kyrkjelyden fortel om sin favorittsalme, som forsamlinga så syng saman.

– Dette er eit av høgdepunkta for meg, seier soknepresten.



EIGE BAND: Det er eige band på kveldsgudstenestene i Knarvik kyrkje. Andreas Westermoen ved flygelet, saman med Ingeborg Kartveit (bass), og Karin Tørnquist Wallace og Stine Karin Sæle som forsongarar.



TENNER LYS: Den enkelte kan tenna lys i globen under bønnevandringa.

## Bønnevandring

Eit anna høgdepunkt for soknepresten er bønnevandringa. Her blir heile kyrkjerommet tatt i bruk. Den enkelte kan tenna lys i lysgloben og la flammen vera ei ordlaus bøn til Gud. Og den som vil kan skriva bønelappar som blir lagt fram for Gud. Undervegs i bønnevandringa kan ein be for lokalmiljøet sitt, og ein kan få leggja dei tunge bøkene av seg, symbolsk ved å leggja ein stein ved korset.

– Den som ønskjer det kan få velsigning framme ved døypefonten. Det nyaste innslaget i bønnevandringa er at den som vil kan koma og få konkret forbøn. Nokon av dei frivillige i kyrkjelyden vil sitja bak i rommet og ta imot dei som ønsker ein liten samtale og personleg bøn, seier Cathrine Grutle.

Under heile bønnevandringa er det mogleg å gå til nattverd. Denne delen av gudstenesta blir avslutta med at bandet set i gang å synga «Laudate omnes gentes» - «Syng lovsang hele jorden». Kyrkjelyden syng den a cappella og det er for mange eit sterkt øyeblikk.

Så er det klart for kaffi, ein skillingsbolle og ein god prat på kyrkjetorget.



KRISTUSKRANSEN: Denne hausten og komande vår har perlene i Kristuskransen ein sentral plass. Prest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn snakka denne kvelden om nattperla.

# Kristuskransen – ein krans for trua og livet

Tekst og foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

«Å ta Kristuskransen i hendene og gå inn i dei ulike perlene er som å dra på ei reise.

Du oppdagar nye ting undervegs. Du leitar etter Gud, etter den verkelege skatten.»

Dette er nokre av Egon Askvik sine ord i «Ressursbok Kristuskransen for konfirmantar». Egon har spelt ei stor rolle for at Kristuskransen er vorte så kjend som den er i Noreg, og særleg vorte eit godt pedagogisk verkemiddel i konfirmantarbeidet.

I år vert konfirmantane i Knarvik sokn, kyrkjene i Alversund, Seim, Lygra og Knarvik, kjende med Kristuskransen i undervisninga. Dei legg på mange måtar ut på ei vandring gjennom kransen, og på den måten legg dei ut på ei vandring i trua. Ei vandring der dei får sjå meir av kven Gud er, kva trua kan vera, korleis dei kan tru og ha ein relasjon til Gud i sitt liv. Det er stort å få gå saman med dei på denne vegen.



Dei ulike perlene i Kristuskransen – gudspërla, egpërla, dåpspërla, ørkenpërla, gledespërla, stilleperlene, kjærleikspërle, dei hemmelege perlene, nattpërla og oppstodepërla – er utgangspunkt for konfirmantundervisninga og tema på kveldsgudstenestene i Knarvik kyrkje.

Men det er ikkje berre i konfirmantarbeidet i soknet Kristuskransen set sitt gode preg. For då medarbeidarane for kveldsgudstenestene i soknet var samla for å evaluera og planleggja fekk dei høyra at Kristuskransen vert nytta i konfirmantarbeidet. Det vart lufta om ikkje Kristuskransen kunne vera den raude tråden for kveldsgudstenestene òg. Dette fall i god jord, og no er kveldsgudstenestene prega av den vetle, men uendeleg rike kransen.

Saman vandrar me frå pèrle til pèrle, og på den måten dukkar me djupare ned i sider av livet, sider av trua, og ser at Gud er den som held alt saman. Gud er den raude tråden som bind alt i hop.

Velkomen til å vera med på vandringa du òg.

**Seimstrand as**  
5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15

  
**Nordhordland Elektro**  
Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden  
norgeseliten  
Den engelske hørkuleen

**DEKKHUSET** <sup>AS</sup>





# Andakt

Tekst: Prost Helge Taranrød  
Foto: Øystein Skauge

## Julelys. Julegleder. Julejubel.

Vi les gjerne frå Jesajaboka kapittel 9 på julaftan. «Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle. Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.»

I skrivande stund rasar krigen i Midt-Austen. Menneska som høyrer til der vert ramma av død, øydelegging, frykt og tankar om hemn. Vi som er langt borte ser på nyhetene og vert motlause og kjenner at håpet svinn for ei framtid utan konflikt og krig.

Kontrasten mellom den vakre bibelske forteljinga i Jesajaboka og det vonde som skjer i dag er stor. Så stor at vi i fortvilninga kan tenke at i år bør vi legge bort juleevangeliet.

For vert det ikkje for naivt? Eller for enkelt for oss som er så heldige å leve i eit land der det råar fred og ikkje krig? Men det er akkurat no vi skal tenne lyset og la det stråle fram. Og jubla og glede oss over underet. Og samle oss om Barnet.

Menneske som er ramma av krig ville ikkje vere hjelpne om vi i solidaritet skulle avlyse jula.

Gud er ikkje borte. Gud er til stades - også i vår tid.

Bibelforteljingane i Det gamle testamentet vitnar om at Gud alltid har vore til stades i menneska si historie. Profetane som gjennom hundreåra minna folket om Gud sine handlingar med folket. Og som formidla håpet om Han som skulle kome - Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.



Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys.  
(Foto: Wikimedia Commons)

Og Gud var rikeleg til stades då Barnet vart fødd og ein son vart oss gjeven.

Vidare gjer evangelieforteljingane i Det nye testamentet oss kjende med Jesus. I møte med menneska er Han livsnær og direkte. Vi let oss overraske over kven han viser medkjensle, og kven han talar strengt til. Han lærer oss den evige sanninga, om livet og viser oss vegen til Gud.

Gud var også rikeleg til stades på Moster då kristenretten vart innført. Den enkle bibelske sanninga om at alle menneske er skapte i Guds bilde fekk ei radikal nytolking som profetisk peika fram mot eit samfunn der makt forstått som den sterkaste sin rett vart avløyst av tanken om at alle menneske er ein del av same fellesskapen, og av den grunn har plikt til å ta vare på kvarandre.

Gud var rikeleg til stades i Bergen då kong Magnus Lagabøte gjorde sitt meisterstykkje å samle Noreg i Landslova. Alle domsavgjerder vart no prøvde på om den dømde var vist Miskunn og rettferd. Om Sanninga var kome fram. Og om domsavgjerda ville bygge Fred.

Kanskje må vi innsjå at eit menneskeliv er for kort til å skjønne Gud og Hans historie med menneska fullt ut. Men vi skal med frimod leve i trua på at Gud er rikeleg til stades også i vår tid. Også i vår fortvilning og våre bønner om fred. Og i vår glede og forventning over å gå høgtida i møte skal vi sleppe jubelen-laus.

Med ynskje og bøn om ei velsigna julehøgtid og eit nåderikt nytt år.

**REIGSTAD**  
MASKINSENTER AS  
5914 Isdalsto - Tlf.: 56 35 79 90 Fax: 56 35 79 91  
www.reigstad.no

**REMA 1000**

**Specsavers**<sup>®</sup>

**OPTIKER I KNARVIK**  
**-Bestill synsprøve nå!**  
**RING 56 35 14 66**

# KULTURKALENDER

## 30. november

### Jubileumshelg Knarvik kyrkje 10 år:

Kl. 13.00: Minikonsert med Knøttekoret  
Kl. 13.30-15.00: Kafé, lotteri og åresal  
Kl. 15.00: "Altertavla bit for bit"

## 30. november

### Manger kyrkje kl. 20.00

Julekonsert med Maria Urhaug og gjestar. Flygel William Kay.

## 1. desember

### Kl. 11: Jubileumsgudsteneste:

Biskop Ragnhild Jepsen. Nattverd. SingSingeling og SingOut, Knarvik Gospel og Alversund kammerkor. Etter gudstenesta: Bursdagskyrkjekaffi!

## 4. desember

### Meland kyrkje kl. 19.00.

Musikkandakt. Salmer, tekstlesing og orgelmusikk.

## 6. desember

### Knarvik kyrkje kl. 21.30

"Vår jul". Konsert med Gaute Ormåsen, Torstein Sødal, Maria Arredondo, Agnete Saba, Christian Ingebrigtsen og Frøydís Grorud. Billetter på ticketmaster og ved inngangen.

## 7. desember

### Manger kyrkje kl. 19.00

Radøy damekor sin julekonsert. Dirigent og flygel William Kay. Obo Lise Herland. Songelevar frå Alver kulturskule.

## 8. desember

### Seim kyrkje kl. 17.00.

Julekonsert Seim musikklag.

### Meland kyrkje kl. 17.00.

Julekonsert med lokale korps og kor.

## 8. desember

### Alversund kyrkje kl. 19.00.

Julekonsert med Alversund Musikklag i lag med Alvidt/Manger songlag, A Cappella songruppa "Tonevrimmel" og kåseri av Arne Årseth om livet i Alversund. Konferansier: Inge Alver. Gratis inngang.

### Lindås kyrkje kl. 18.00.

Julekonsert med Lindås songlag og gjester. Billettsalg på ticketco.no og i døra.

## 10. desember

### Ostereidet kyrkje kl. 18.00.

Julekonsert med Ostereidet skulekorps.

## 11. desember

### Ostereidet kyrkje kl. 18.00.

Syng jula inn med Ostereidet soul kids og Te Deum

## 12. desember

### Rasteplassen, Radøy kyrkjekontor kl. 18.00.

Fellessong på Rasteplassen: Syng advent og jul. William Kay leiar programmet.

## 15. desember

### Myking kyrkje kl. 18.00.

Julekonsert med songkoret Albatross og Oster Brass.

### Meland kyrkje kl. 20.00.

Julekonsert med Felix vocalis.

### Knarvik kyrkje kl. 18.00.

Bachs Juleoratorium med Alversund kammerkor, solistar og orkester.

## 18. desember

### Knarvik kyrkje kl. 18.00.

Julespel med SingSingeling og SingOut.

## 19. desember

### Knarvik kyrkje kl. 18.00.

Julekonsert med Knarvik Skulekorps. Gjestar: Sagstad Skulekorps. Dirigent: Thorgeir Thunestvedt. Gratis inngang.

### Hundvin kyrkje kl. 19.00.

Julekonsert med Skodvin skulemusikk

## 20. desember

### Knarvik kyrkje kl. 19.30.

"Syng Med til jul". Astrid Aarhus Byrknes, "Syng Med" koret for personar med demenssjukdom og pårørende. Eikanger-Bjørsvik Musikklag.

## 23. desember

### Seim kyrkje kl. 22.00.

Julenatt» med Seim Songkor og Frode Skag Storheim. Info om billetter på Seim Songkor si facebookside.

## 16. januar

### Knarvik kyrkje kl. 19.00.

Nyttårskonsert med Meland Musikklag og Sjøforsvarets Musikkorps.

## 22. januar

### Kyrkjetorget, Frekhaug kl. 19.00.

Musikkandakt/salmekveld med band og forsongarar.

## 12. februar

### Meland kyrkje kl. 19.00.

Musikkandakt med Rebekka Eikefet, cello og Magnus Blom, piano. Salmar, tekslesing og musikk.

## 19. mars

### Meland kyrkje kl. 19.00.

Musikkandakt med Ruben Sæle, Gyda Matland og Magnus Blom. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.



**HELLAND ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



**SIKRINGEN**  
- Gitt elektriker



**GI ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE**

di hjelp reddar liv

**VIPPS til 2426**



**KIRKENS NØDHJELP**



# Jubel og glede for Knarvik-kyrkja

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Jan M. Lillebø

**Det har gjennom året vore mange markeringar av tiårsjubileet for Knarvik kyrkje. Den store jubileumshelga blir 30.november/1.desember.**

Knarvik kyrkje har vorte det mange håpte på – ei 7-dagars kyrkje. No skal tiårs-jubilanten feirast med jubel og glede første helga i advent.

Visjonen som vaks fram i kyrkjelyden var å få ei 7-dagars kyrkje sentralt i Knarvik sentrum. Ei open folkekyrkje. For ti år sidan stod ho der.

- Det har vi fått – til gagns! Og eg gler meg over alt det gode eg kan sjå som skjer i kyrkja, seier prost Helge Taranrød.

- Knarvik-bygda hadde ikkje vondt av å få eit nytt signalbygg, seier den første soknepresten, Geir Øy, som no er sjømannsprest i New York.

- Eit viktig bidrag til å skapa ei open og inviterande kyrkje, var nettopp å gje rom for ei breidde av konsertar og arrangement. Slik kunne fleire oppleve at den nye kyrkja var ein stad å gå også for dei i ulike anledningar, seier han.

Kyrkjejubileet har vore markert i ei rekkje samanhengar i løpet av året. Den store jubileumsfeiringa er lagt til 30.november/1.desember. Biskop Ragnhild blir med på jubileumsgudstenesta søndag. Men også lørdag skjer det mykje spennande i kyrkja.

## «Kamp» om kyrkja i adventstida

Prost Helge Taranrød opplever at Knarvik kyrkje på kort

tid har vorte viktig for alle som bur i området. Det er heilt naturleg å samarbeida med KnarvikMila, som samlar fleire hundre på seminar i kyrkja. Taranrød viser også til at Brann,- politi og redningsetaten i fleire år har samla heile russekullet til trafikkisikkerheitsdag.

- Og det er nesten «kamp» om å få bruka kyrkja i adventstida. Artistar, kor, musikarar skulane, barnehagane og kyrkjelyden sine arrangement står i kø i ei tid vi verkeleg treng og ønskjer å samlast, seier Taranrød.

## «Som ei due som har funne sin stad»

Nokon har sagt at «kyrkja ligg der så vakkert, nesten som ei due som har funne sin stad». Det tenkjer prosten på kvar gong han køyrer over bruene på veg mot Knarvik - kyrkja ligg veldig flott til. Og ho er eit internasjonalt anerkjend arkitektonisk bygg.

Taranrød drog på smilebandet då Arkitektoppropet for ei tid tilbake meinte Knarvik-kyrkja er eit av dei styggaste kyrkjebygga i landet. - Det gjekk ikkje mange timane før både bygdefolket og omverda slo tilbake med kraft og engasjement; «Ikkje tull med kyrkja vår».

Eitt av dei viktigaste argumenta for å bygga ny kyrkje i Knarvik var jo at folk så ofte opplevde å måtte stå utanfor Alversund kyrkje når det var gravferd der. No har kyrkja rom for alle.

Taranrød gler seg over at babysongen samlar mange små barn og foreldre. 2-3-åringane har kyrkjegym. Og når Knøttekoret møtast aular det med både barn og foreldre. Kyrkjeklubben er for menneske med psykiske utviklingshemming, og fredagsklubben samlar mange «twens». Bygdefolk og



«-Som ei due som har funne sin stad»



flyktningar vi har i området samlast til kulturkafé. Og både små og store samlast til kyrkjemiddag.

- Dette er verkeleg ei 7-dagars kyrkje, fastslår Helge Taranrød.

Han er også glad for at mange kjem til gudsteneste i kyrkja. Mange dåpsbarn med store og festpynta dåpsfølge, og store konfirmantkull som møttest i kyrkja gjennom eit heilt år.

### Oppleva å høyra til

I desse dagar er det ti år sidan Geir Øy vart tilsett som prest i Knarvik sokn. Han og kona Hilde flytta frå Ryfylke til Strilelandet og sette kursen nordover til opningshelga.

- Det vart ei gripande oppleving å vera med på innviingsgudstenesta, minnest han.

Han håpar at kyrkja kan halda fram å vera aktuell og tilgjengeleg for eit breidt lag av folket i Knarvik-bygdene.

- Ei kyrkje er framleis berre eit bygg, og det er folka som søker dit ved ulike høve, som skapar liv, seier Øy.

Han veit at kyrkja arbeider godt blant barn med kor og ulike

tilstellingar, det er noko han trur er positivt for framtida til kyrkja.

- Det å gje folk ei oppleving av å høyra til, er viktig. Om det blir varemerket også for folk i andre aldrar, har kyrkja vunne mykje, seier Geir Øy.

Påskegudstenestene som vart sendt på NRK TV i 2019 er ei spesiell hending Øy vil trekka fram. Eit stort løft for tilsette og mange frivillige.

- Langlesinga av Bibelen dag og natt i 3-4 døger i 2016 vart også ei stor oppleving. Det vart mest som ein festival med alle arrangementa som fann stad dei dagane, seier han.

### - Ei stor takk

Prost Helge Taranrød sender ei stor takk til alle som bidrog i planlegginga og bygginga av kyrkja.

- Lindås kommune den gongen - og no Alver kommune, bidreg til at alt dette gode kan skje her i nærområdet vårt. Eg kjenner meg veldig trygg på at dei neste 10 åra vert gode for kyrkja i Knarvik, seier han.

## Ny framføring av Juleoratoriet

Tekst: Håkon Glatved-Prahl

Kantor Odd Leif Mjøs er ikkje sikker på kor mange gonger han og Alversund kammerkor har framført Juleoratoriet, men no blir det i alle fall ei ny anledning til å oppleve dette storslåtte verket av Johann Sebastian Bach.

Det skjer på konserten dei skal halde i Knarvik kyrkje 15. desember, tredje søndagen i advent. Odd Leif har vore dirigent for Alversund kammerkor heilt frå starten for 34 år sidan!

- Det passar bra at vi set opp Juleoratoriet no i samband med 10-årsjubileet, sidan vi også framførte det då kyrkja var ny, seier dirigenten.

- Kor krevjande er det å øve inn dette store stykket?

- Det set store krav til utøvarane, både songarane og muskarane. Bach var rett og slett eit geni, og i Juleoratoriet utfordrar han stemmene og musikken opp til dei store høgdene og utskeingane.



GLER SEG: - Det er ei stor ære og glede å få framføre Juleoratoriet på nytt, seier dirigent Odd Leif Mjøs. 15. desember skjer det - i Knarvik kyrkje. (Arkivfoto: Arthur Kleiveland)

- Kva synest du sjølv om Bachs mesterverk?

- Det er nesten ikkje til å fatte at det er mogeleg å utløyse så mykje musikalsk glede som Bach gjer i Juleoratoriet, seier den begeistra dirigenten.

Forutan Kammerkoret deltar eit profesjonelt orkester med strykarar, treblåsarar, brass, slagverk og orgel under framføringa. Følgjande gjestesolistar er med: Laurie Øgaard (sopran), Mari Askvik (alt), Matias Gillebo (tenor/evangelist) og Halvor Festervoll Melien (bass).



# Glade for supre lokale

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**– Disse lokala er berre heilt fantastiske og står i sterk kontrast til korleis vi hadde det før, seier Anne Sofie Uthaug, dagleg leiar i Meland sokn.**

Superlativa kjem som perler på ei snor når Uthaug på oppfordring skal karakterisere dei splitter nye lokala i Frekhaug Senter: Romslege, fine, innbydande, moderne og tenlege.

Det er berre få månader sidan dei tilsette på kyrkjekontoret kunne setje eit endeleg punktum for eit omflakkande tilvære og spasere inn i det som i dag er eit topp moderne bygg med alle moderne fasilitetar. Frå påska i fjor og fram til sommaren i år har kyrkjekontoret på Frekhaug halde til i ei brakke medan dagens nybygg blei reist.

– Noko av det beste med ei så sentral plassering og eit så stort areal, er at det blir enklare både å ta imot folk og vere eit samlingspunkt. For eksempel er Møteplassen eit kvardagsleg tilbod til alle som ønskjer å stikka innom, slå av ein prat med andre, få seg ein kopp kaffe og ein vaffel. Og no blir det endå enklare, fordi vi har fått så god plass, seier Anne Sofie.

## Aktivitetar i lokala

Rundt 300 kvadratmeter disponerer Meland sokn i det nye bygget, som ligg i andre høgda i vinkelbygget til den nye Extra-butikken. Halvparten av arealet utgjør Kyrkjeterget, som gir plass til Møteplassen.

Av andre aktivitetar som no får plass i dei nye lokala er sparåkkafé kvar måndag og babysong kvar tysdag, korøving, samt eit eige undervisningsrom for konfirantar.

Sokneprest Bjørn Tore Sæle skattar også dei flotte fasilitetane i bygget.

– For min eigen del er det fint at kontoret mitt kan fungere som eit samtalerom også, med ei tenleg sitjegruppe kor eg kan ha til dømes dåpssamtalar og sørjesamtalar. Eg er og glad for den gode plassen på Kyrkjeterget, der vi kan ha kveldsgudstenester, samle alle konfirantane, eller ha andre samankomstar, seier Sæle.

## Stor frivillig innsats

Kvar måndag og onsdag mellom klokka 11.00 og 13.30 kan kven som helst kome på besøk på Møteplassen. Det kan vere menneske som treng å sjå andre midt i veka, det er ingen andakt, det er ingen krav, det er rett og slett eit lågterskeltilbod.

– Har de kapasitet til å ta imot folk på denne måten?

– Det er det som er det fine hjå oss, nemleg at det er frivillige som og tek seg av alt det praktiske. Frivilligeita

og dugnadsånden har alltid stått sterkt her i Meland, seier Anne Sofie.

– Er kyrkjekontoret ope alle dagar?

– Ja, mellom klokka 10.00 og 15.00 er vi her dersom nokon har spørsmål eller treng nokon å snakke med, seier Anne Sofie.

– Har de tenkt på utleige også når de har fått så god plass?

– Ja, Kyrkjeterget kan vi leige ut til for eksempel dåpsfest og konfirmasjonsfest, eller åremålsdagar.

Ho sjølv, og fleire med henne, har kontor ut mot den opne plassen på senteret. Det synest ho er flott.

– Når eg ser ut vindaugget, og observerer folk som går til og frå, då kjenner eg at motivasjonen blir styrka, det er jo desse folka vi skal tene. Vi ønskjer å vere nær folk, og vi kjem ikkje nærare det pulserande livet enn på Frekhaug Senter. Og vi er her for alle – uansett kor folk bur, avsluttar den daglege leiaren.



TILFREDS GJENG: Sju tilsette har sin arbeidsplass i dei nye lokala, her er fire av dei: Frå venstre dagleg leiar Anne Sofie Uthaug, kyrkjelydspedagog Anne Marit Fosse Dahle, administrasjonssekretær Gyda Matland og kyrkjemusikar Magnus Blom.

**Knarvik  
Blomsterverve**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterverve.no](http://www.knarvikblomsterverve.no)





# Jon kasta glans over festen

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Radøys eigen Jon Askeland, sjølvaste fylkesordføraren i Vestland, var sentral då festgudstenesta i Manger kyrkje samla over 100 personar siste søndagen i oktober.**

Saman med medliturg Gunnar Kartveit heldt Jon ei dialogpreike for dei frammøtte. Utgangspunktet var 1000-årsfeiringa av kristenretten og at det er 750 år sidan Magnus Lagabøte innførte landslova.

– Eg er privilegert som gjennom dette året har fått vere med på så mange arrangement og tilstellingar, der fokuset har vore desse to verdijubilea. Mange historikarar har dukka ned og komne opp igjen med ny kunnskap som er blitt formidla vidare til oss vanlege folk, sa Askeland mellom anna.

Folkestyre og demokrati

På spørsmål frå Gunnar om kva for betydning verdiåret har hatt for Jon personleg, svara han:

– Det er spesielt éin ting som har festa seg, og som eg er blitt endå meir trygg på, og det er vårt folkestyre og demokrati. Vi skal vere glade for at vi lever i eit land som har desse verdiane grunnfesta og lovfesta. At vi evner å ha eit velfungerande demokrati, som blir vedlikehalden kvar einaste dag av alle oss som bur i dette landet.

Då dialogpreika var over, kunne det ikkje passa betre enn å syngje salme 569 «Guds ord, det er vår fedrearv».

«Det lille ekstra»

Som på tidlegare festgudstenester på Manger var barnekoret, leia av Gudveig Kartveit Sundsbø, også denne gongen svært delaktige, både med eigne songar og ikkje minst då smårollingane – saman med kyrkjelyden – song velsigninga heilt til slutt i gudstenesta.



SAMAN: Gunnar Kartveit og Jon Askeland under dialogpreika.

Sokneprest Kjell Sekkingstad var særst nøgd med festgudstenesta, som tradisjonen tru vart etterfølgd av god mat og drikke.

– Festgudstenestene våre markerer eit ekstra løft for kyrkjelyden. Det er så fint å kunne samlast til ei litt annleis gudsteneste, som utstrålar glede og som gir oss det lille ekstra. For oss som jobbar i kyrkja er desse samankomstene ein inspirasjon til å halde fram med vårt viktige arbeid, seier Kjell.

På festgudstenesta trakterte Vidar Eldholm både orgelet og flygelet på ein framifrå måte, tidvis akkompagnert av ein like dyktig Per Bjørkhaug på trompet.



NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale  
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR



DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1  
Alversund

Havnevegen 31  
Frekhaug

Elvavegen 1  
Dalekvam



VATNE  
begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

# Mosjonisten Torbjørn

**NAMN:** TORBJØRN AAMLÍ  
**ALDER:** 63  
**SIVILSTAND:** Gift med Åshild  
**BARN:** Tre – og seks barnebarn  
**JOB:** Sokneprest i Osterfjorden og Mo sokn

Torbjørn Aamli er klar for dagens utflukt. – Eg prøver å kome meg ut på tur dagleg, seier den spreke 63-åringen.

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Han tek seg ofte ein tur på fjellet. Han likar å fiske. Vedhogst og pianospel får han også tid til. Torbjørn Aamli har ingen kjedelege dagar.**

Vi møter 63-åringen i heimen hans på Holme i Meland. Ein praktfull einebustad med ein like praktfull utsikt over Herdla fjorden, som denne dagen blenkjer seg i sol frå skyfri himmel.

Soknepresten i Osterfjorden og Mo sokn er neste person ut i serien Presten På Privaten.

- Rett på sak, kva gjer du på fritida di?
- Både kona mi og eg er mosjonistar, så det blir ein del

fjellturar eller besøk på treningssenter. Eg klarar framleis å jogge på turstiar, men knea mine er ikkje som dei ein gong var, derfor har eg kutta ut asfalten.

- Kor går favoritturen?
- Skinntveitmarka er eit fint område, frå Bjørndalen og oppover mot Rosland. Hoplandsfjellet her i nærleiken er også ein favoritt. Eg er nok litt rastlaus, har litt uro i kroppen, så det er godt å kome seg ut og mosjonere, helst kvar dag.

**Fekk lyr på fire kilo**

- Har du ein hobby eller to?
- Eg likar godt å halde på med litt vedhogst. Ein billeg,

elektrisk vedkløyvar, som eg kjøpte for nokre år sidan, vart rett og slett for treg for meg. Eg selde kløyvaren og gjekk i staden til innkjøp av ei kløyveøks. Det er tingen for meg, seier Aamli med eit smil om munnen.

– Andre interesser?

– Fiske har alltid fascinert meg. Det er berre ein forholdsvis kort spasertur frå huset her og ned til sjøen, kor eg jamleg står med fiskestonga og prøver lukka. Det er ikkje lenge sidan eg fekk ein lyr på fire kilo. Lyrefilet er fantastisk godt!

Han har jamvel fått lange på stong.

– Då gjeld det å kaste langt ut og la sluken synke til botn. Det er ikkje vanleg å få lange på stong frå land, men går altså an!

### **Starta karrieren på Radøy**

– Har du ein syssel du driv med innomhus?

– Eg har stor glede av å spele piano, og då først og fremst lyriske stykke av Grieg, seier Aamli og nikkar bort mot eit piano i eit hjørne i stova.

– Eg har faktisk vore pianist i eit ungdomskor ein gong i ungdomen. Det var i heimbygda mi Stokke i Vestfold.

– Apropos det, korleis hamna du her i Nordhordland?

– Det var ganske tilfeldig. Då eg var ferdig utdanna prest, var det få ledige prestestillingar på Austlandet, så eg søkte breiare – og fekk napp på Radøy – der eg var i seks år frå 1987.

Seinare har vestfoldingen vore prest i Salhus og mange år i Meland, før han no praktiserer i Osterfjorden og Mo.

### **Kom seg gjennom «Septologien»**

– Tilbake til privaten, andre ting du brukar tid på?

– Eg synest det er avslappande å lese.

– Som kva då?

– Eg fekk Jon Fosse sin «Septologien» i julegåve av tidlegare biskop Halvor Norhaug. Trur det var siste gåva vi prestar i bispedømet fekk av biskopen før han gjekk av. No har eg endeleg klart å pløye meg gjennom den tjukke boka. Det var både spennande og krevjande!

– Føler du at du har for mykje eller for lite fritid?

– Det er akkurat passe, tenkjer eg. Etter mange år i Meland med ganske høgt aktivitetsnivå, kjenner eg på meg at oppdraget i Osterfjorden og Mo er det rette for meg no. Balansen mellom jobb og fritid er i dag heilt greitt.

– Er det noko i nyhetsbiletet du er opptatt av?

– Miljøvern engasjerer meg. Og så har eg reagert på at born



GRIEG: Eit kort parti frå eit av Griegs stykke avslører eminent teknikk og vakre tonar.

nokre stader har fått spørsmål om kva kjønn dei føler seg som. Eg tenkjer at vi må halde fast på at vi har to biologiske kjønn og ikkje skape forvirring hos barna om det.

### **Drar på retreat kvar sommar**


Under samtalen med den spreke soknepresten kjem det fram at han også har ein annan lidenskap, nemleg å dra på retreat. (Retreat er å trekkje seg tilbake til ein stad, der ein kan vere i fred og stille – og samle seg om meditasjon og bøn).

– I mange somrar har eg dratt på retreat med fjellvandring. Det har funne stad på Sandom Retreatsenter i Ottadalen ved foten av Jotunheimen. Vi går turar i den lågare delen av Jotunheimen. Enkelte fjellturar kan vare i fem-sju timar. Ved å vere på retreat med fjellvandring får eg kombinere det beste eg veit; Guds ord og fjellvandring på same tid!

– Skal du på tur i dag?

– Jepp, det blir ein rask gåtur, tenkjer eg, seier Aamli og trekkjer på seg støvlar, anorakk, sekk og caps idet vi seier farvel på Holme.





# Gleda på ein sykkel

Tekst: Anne Sofie Uthaug, med hjelp av tolkar Larysa Pavlenko og Sonya Cimbaluk.

Foto: Anne Sofie Uthaug

*Gjennom verdiåret 2024 har det vore mykje fokus på korleis synet på menneskeverdet har endra seg gjennom 750 år sidan Kristenretten vart innført i landet. Denne artikkelen seier noko om kva dette betyr i praksis i sjølve jubileumsåret.*

**Sjå her når Sonya tok sine første steg, seier Oleh og Olha og viser stolt fram videoen av hendinga. Det skjedde i 2021, då ho var 6 år gamal. Eit stort framsteg for ei jente med større fysiske avgrensingar enn dei fleste.**

Sonya er fødd med Angelmans syndrom. Det medfører mellom anna epilepsi, lite søvnbehov, nedsett motorikk og språkevne.

Familien Sviatosh er ein familie prega av smil og glede, trass i at livet har vore svært krevjande i mange år.

Sølvi Knudsen er med på samtalen med familien.

I Ukraina vart livet tungt når vi fekk eit barn med multifunksjonshemming, fortel dei.

Alle krefter måtte setjast inn rundt Sonya, for det var berre familien som ville hjelpe.

Det fans ikkje økonomisk, praktisk eller mental støtte å få

frå myndigheiter eller andre. Tvert imot, dei fekk stadig vite at barnet deira var uønska, både frå naboar, på leikeplassar og på gata.

For å kunne vere utandørs måtte dei gå ut i skogen, der det ikkje var andre.

Det var ikkje tilbod om barnehageplass. Skulane i Ukraina skal ha «inklusklassar», men det er i praksis svært lite, men nok til at skulen kan levere rapport om at barnet hadde vore på skulen og at alt var i orden.

- Alt måtte vi finne ut av sjølv og alt måtte vi betale sjølv, fortel dei.

- Livet i Ukraina var ein kamp, og vi såg ikkje noko framtid verken for oss sjølv eller for jenta vår.

Oleh, som er advokat, fekk klare råd om å skilje seg frå familien.

Olha, som er universitetsutdanna innan økonomi med spesialisering i patent/varemerkeskyttelse, har vore heime med dotra heilt til no.

I Norge har det meste blitt heilt annleis. Ingen reagerer negativt på at dei går eller sykklar tur med Sonya på hennar spesialbygde sykkel. Sykkelen skapar stor glede der ho suser



Samtale på Kyrkjetoget. Frå venstre Larysa Pavlenko, Oleh Sviatosh, Olha Sviatosh, Sølvi Knudsen.

## Verdiåret 2024

rundt på opne plassar. Ho har nettopp fått byrja på Sagstad skule. Dei har fått ein koordinator frå kommunen som er godt informert om alle tilbod som fins.

Koordinatoren dreg i trådar slik at Sonya får det best mogleg.

Den første samtalen med henne var ein så stor lettelse at Oleh måtte felles mange tårer. Koordinatoren er med og løyser dei mange store og små utfordringane som følgjer med livssituasjonen til familien.

Å starte på skulen er ein stor og slitsam overgang med mykje nytt for 9-åringen, noko dei står i akkurat no. Men foreldra er likevel veldig takksame for det norske systemet rundt menneske med funksjonsnedsettingar.

Når vi spør kva som gjer at dei alltid er så smilande og positive når vi møter dei, er svaret: - No er vi rolege, vi har fått framtidshåp og vi har byrja å drøyme igjen.

Oleh har fått starta på norskurs, Olah enno ikkje, men begge har tankar om kva dei kan jobbe med framover, anten det vert i Norge eller i heimlandet.

Olha har lese seg opp på mykje omkring sjukdommar, og har akkurat publisert ein artikkel om kreftmedisin i ei ukrainsk avis. Ho drøymmer om å ta utdanning som lege. Dei håpar at krigen skal få haldningane til menneske med funksjonshemmingar til å bli endra, sidan det blir meir synleg med skadar som folk pådrar seg i krig. Slik kan kanskje Ukraina bli eit betre land å bu i for menneske med funksjonshemmingar etter at krigen er over.

Sølvi Knudsen kan fortelje at haldningane og systemet rundt menneske med utviklingshemming i Norge har endra seg dramatisk dei siste 60 åra, og slett ikkje utan kamp. Då ho fekk dottera Grethe i 1967, som var fødd med ryggmargsbrokk, sa sjukepleiaren: - Det er gode heimar for slike.

Desse negative haldningane som utsegna avslørte, og egne erfaringar med ei dotter med multifunksjonshemming, førte Sølvi og mange andre foreldre og tilsette i helsevesenet ut i eit stort engasjement. Etter kvart resulterte det i politiske vedtak i Stortinget og i full omlegging av ivaretaking av menneske med utviklingshemming, kalla HVPU-reforma. Ikkje minst vart det overgang frå vekkgjøyming i store institusjonar til integrering i lokalsamfunna.

Frå 1990 til i dag har det skjedd mest, seier Sølvi. For Sølvi



Sykkelen og fridomen utandørs gir stor glede til både Sonya og foreldra.

er det enormt viktig å understreke at alle menneske er likeverdige, alle har kjensler og alle har behov for å vere trygge.

Sølvi vert veldig glad og rørt når ho høyrer korleis familien Sviatosh har vorte ivareteken i vår kommune. - Då fungerer det som det skal, seier ho.

Sofiia (til dagleg kalla Sonya) Sviatosh 9 år, faren Oleh Sviatosh 39 år, og mora Olha Sviatosh 39 år, flykta frå Kiev i Ukraina i 2023, no busett på Frekhaug. Sølvi Knudsen, tidlegare koordinator for funksjonhemma i Meland kommune, no pensjonist og mellom anna leiar i Alver kyrkjelege fellestråd.

### Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

#### Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm  
Billadere • Adgangskontroll  
Tele/data-nettverk •  
Automatisering •  
Godkjent for kontroll  
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST - LØSNINGSORIENTERT - SAMARBEIDSVILLIG



# Bygg Team

VEST AS



Alt innan tømrarfaget!



# BURSDAGSGÅVE!

## KNARVIK KYRKJE 10 ÅR!

Vi ønsker oss pengar til:

Aktivitet i kyrkja for born, unge  
og andre grupper

Materiell, utstyr, møblar og  
anna i Kyrkjekjellaren.

Vipps: 56789 - Gåve



## Slekters gang

### Knarvik

#### Døypte

18.08.24 Konrad Presthus Lingjerde  
18.08.24 Emma Bjordal Førde  
18.08.24 Sigve Brakvatne Eikeland  
18.08.24 Aksel Lamo Haugsvær  
18.08.24 Marlon Takvam Losnegård  
22.09.24 Victor Karlsen Orre  
22.09.24 Ulrik Andrè Dalseid Larsen  
20.10.24 Anine Helvig-Solbakk  
20.10.24 Marie Tolleshaug Almelid

#### Døde

05.09.24 Thomas Øyvind Myhr f. 1976  
22.09.24 Sissel Hindenes f. 1958

### Alversund

#### Døypte

25.08.24 Liam Solheim Landro  
29.09.24 Emma Nilsen Sanden  
29.09.24 Frøya Volden Rikstad  
29.09.24 Leana Eidsheim Olsen

#### Døde

13.09.24 Terje Vetaas f. 1943

### Seim

#### Døde

22.08.24 Bjørg Petra Furnes f. 1946  
25.09.24 Kirsten Johanne Knutsen f.  
1938  
30.09.24 Magnus Skare f. 1946  
14.10.24 Marit Jorunn Seim f. 1947

### Lygra

#### Døde

26.08.24 Johannes Hansson Tofting f.  
1930  
16.09.24 May-Britt Berentsen f. 1959

# Tankestrek

«Han hadde alt, men glemte å dele. Det var det hele».

Av Ole D. Hagesæther

Det var dikteren Arnulf Øverland som formulerte denne beske setningen. Han var en skarp kritiker av kristendommen, men her traff han faktisk sentrum i Jesu etiske tenkning. Det handler om ansvarlighet og forvaltning. Det handler om å dele.

Det hadde åpenbart ikke den rike mannen fått med seg, han som Jesus forteller om (se Luk. 16.19). Utenfor døren hans lå Lasarus, hjelpeløs og pengelens og sårbar. Han så ikke en gang den veien han lå.

Jesus forteller lignelsen til skrekk og advarsel. Måten den rike mannen levde på, var uakseptabel og klanderverdig. Slik må ingen leve.

Vi har en raus og dristig Gud som overgir alt han eier til oss mennesker. Han betror valgene og forvaltningen til oss. Vi er Guds medarbeidere som skal ta vare på skaperverket og dele med hverandre.

Men da gjelder kjærlighetens lov. Dette er det første og største budet, sier Jesus: Vi skal elske Gud over alle ting og vår neste som oss selv. (Se Markus 12.30).

Når jeg var på visitas, møtte jeg minst en ungdomsskoleklasse i soknet. Kontrakten var at ungdommene skulle få spørre biskopen om hva de ville. Så skulle jeg svare så godt jeg kunne.

Det hendte at jeg fikk spørsmål om hva som er meningen med livet. Da svarte jeg: «Vi er her for å dele».

Det ville jo være forferdelig om gravskriften etter oss skulle være: «Han eide alt, men glemte å dele. Det var det hele».



## DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontakten:**  
Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

**Opningstid:**  
Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

**Tlf.:** 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø  
post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

**Facebooksider:**

Knarvik kyrkje  
Seim kyrkje  
Lygra kyrkje

**Kontonummer:** 3633 67 39882

**Vipps:** Nytt VIPPS-nummer:  
56789 vel «Kyrkjekontakten» i  
menyen.



**Alver kyrkjelege fellesråd**

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Sølvi Knudsen

**Soknerådsleiar:**  
Hildur Løkken Lillestøl

**Kyrkjekontakten**

**Utgevar:** Knarvik sokn, i  
samarbeid med Meland sokn,  
Osterfjorden sokn, Mo sokn,  
Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Øystein Skauge  
**Lokal redaksjon:** Arthur  
Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl,  
Synnøve Bjørndal

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Aksell

**Framsidedeilete:** Julevandring  
for barnehagane 2023. Foto: Nina  
Jenny T. Monstad.



**Bente Cathrine Sørheim Vetvik**  
Vikar for kyrkjelydspedagog  
bv648@kyrkja.no



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Cathrine Grutle**  
Sokneprest  
cg836@kirken.no



**Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn**  
Spesialprest  
td663@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**  
Seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**  
Dagleg leiar  
sb876@kyrkja.no



**Odd Leif Mjøs**  
Kantor  
om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**  
Kateket  
nm853@kyrkja.no



**Eirun Bjtveit Fonneland**  
Kyrkjelydspedagog  
ef882@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**  
Kyrkjetenar  
bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTEKALENDER

## Knarvik

### 1. desember

1. søndag i adventstida  
Kl. 11  
JUBILEUMSGUDSTENESTE  
v/ Ragnhild Jepsen, Helge  
Taranrød, Cathrine Grutle  
m.fl.. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### 8. desember

2. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød.  
Nattverd.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14:30 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.

### 25. desember

Juledag  
Kl. 12 v/ Cathrine Grutle.  
Høgtidsgudsteneste. Dåp.  
Nattverd.

### 31. desember

Nyårsaftan  
Kl. 16 v/ Cathrine Grutle.  
Nattverd.

### 5. januar

Kristi openberringsdag  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.  
Nattverd.

### 12. januar

2. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste.  
Knøttekoret 10 år.

### 19. januar

3. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp.  
Nattverd.

### 26. januar

4. søndag i openberringstida  
Kl. 19 v/ Cathrine Grutle.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

### 2. februar

5. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp.  
Nattverd.

### 9. februar

6. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste.  
Tårnagentar.

### 16. februar

Såmannssundagen  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### 23. februar

Kristi forklåringsdag  
Kl. 19 v/ Helge Taranrød.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

### 2. mars

Fastelavnssundag  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.  
Nattverd.

### 9. mars

1. søndag i fastetida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Nattverd.

### 16. mars

2. søndag i fastetida  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste. Dåp.  
Misjon.

### 23. mars

Maria bodskapsdag  
Alværa Misjonscenter, Lavik,  
kl. 11 v/ Cathrine Grutle  
og Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn.

### 30. mars

3. søndag i fastetida  
Kl. 19 v/ Cathrine Grutle.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

## Alversund

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14:30 v/ Magne Bjørndal  
Kl. 16:00 v/ Magne Bjørndal.

### 26. januar

4. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.  
Nattverd.

### 23. februar

Kristi forklåringsdag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

## Lygra

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14:00 v/ Cathrine Grutle.

## Seim

### 8. desember

2. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/Knut Fr. Sørheim  
og Nina Jenny Monstad.  
Familiegudsteneste. Dåp.  
4-årsbok.

### 15. desember

3. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle i  
Vestre Vassbygd Grendahus.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 16 v/ Cathrine Grutle.

### 12. januar

2. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### 9. februar

6. søndag i openberringstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

### KVARDAGS- GUDSTENESTER I Alversund kyrkjelydshus:

Måndagar klokka 1400:  
9. desember v/Idar  
Simonsen  
15. januar v/Øystein  
Skauge  
11. februar  
11. mars  
8. april  
13. mai